

# LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 6

Desember 1970

6. årgang

## Kristus lever i meg

(Galat. 2, 20)

Jula minner oss om at Jesus blei født inn i menneskeslekta. Det er vel ingen av oss som heilt ut forstår kva for veldige ting som ligg i den bodskapen som julenatta lydde ut over markene ved Betlehem: Dykk er i dag ein frelsar fødd.

Kva var verda og menneskeslekta om Jesus ikkje blei fødd inn i det? Det er ein sangar som prøver å svara på det slik: «O Herre, til hvem skulle vi dog gå hen? Du har jo det evige livet! Kun du bærer navnet som synderes venn, kun du har ditt livsblod oss givet. Hvor fattig, hvor øde og tom var vår jord om ikke vi hadde ditt evighetsord». Uten Jesus var me evig forlapt, overgitt til den evige død. «Akk, hvor tomt er ait i denne verden — uten Jesus bare synd og nød. Uten Jesus blir og evigheten bare mørke, gråt og evig død. Om jeg kunne leve uten Jesus, hvordan skulle jeg vel død en gang — uten Jesus i den mørke dalen, uten ham i evigheten lang».

Som det ville vera for verda og slekta uten Jesus, slik er det også for det einskilde menneske uten Jesus. Som Jesus julenatta blei fødd inn i verda og slekta, slik må han også fødast inn i vårt hjerte og liv. Det er det Skrifta kallar å bli fødd på nytt. De som er etterfødde, ved Guds ord, som lever og varer. Det var dette Jesus prøvde å visa Nikode-

mus, da han sa at uten me blei fødd på nytt — fødd av Anden — kan ingen sjå eller komma inn i Guds rike.

I ordet frå overskrifta vitnar apostelen: *Kristus lever i meg*. Jesus var født inn i hans liv, og levde der. Det er årsaka til at han ein annan stad seier: For meg er livet Kristus, og døden ei vinning.

Uten at Jesus er fødd inn i vårt liv og hjerte og lever der, så er me døde i synd og overtredelser, uten liv og uten håp for tid og æva.

Korleis er det med deg som les dette, er du fødd på nytt, lever Jesus i deg? «Har du merket noensinne at din Jesus i deg bor? Har hans nådestrålers kraft i din sjel sin virkning hatt? Kan du i ditt hjerte finne at der er et lys der inne?»

Det blei ein stor skilnad på Paulus, frå han levde som Saulus og etter at Jesus blei fødd inn i hans hjerte og liv og tok til å leva der. Det livet som me ser utfolda seg etter Saulus blei frelst, og som Skrifta vitnar så rikt om, det er Jesus som lever og verkar i han.

### Korleis kan eg vita om Jesus lever i meg?

Slik er det nok mange som tenkjer og spør. Du er kanskje ein av dei. Når du skal svara sant og prøva vera ærlig, så må du seia at du

merkar så lite til at Jesus bur i deg. Tvert imot så merkar du så mykje anna som bur der, slike ting som du rekna med ikkje skulle finnast i ein kristen sitt liv.

Då har du gløymt den sanninga at kjøtet lever også i det hjarta og liv som Jesus bur i, og er nok det som er lettast å få auga på. Nett i det hjarta der Jesus har vunne mest plass og skikkelse, der vil du sjå mest av synda som bur i oss og heng så fast ved oss, og du vil lida mest over at du er slik.

For det første er spørsmålet om du lever i Jesus, det vil seia i ordet og evangeliet om han. Er han einaste trøyst og håp om frelse, det einaste du finn fred og kvile i, då bur Jesus i deg. For det står skrive: *Ver i meg, så er eg i dykk!* (Johs. 15, 4). Det er dette sangaren har fenge sjå, når han syng: «Lev i hans frie nåde, så lever han sjølv i deg». Då lever Jesus i deg ved sitt ord, for Jesus og ordet hans dei er eit. Vert de verande i meg, og vert orda mine verande dykk, held Jesus fram i Johs. 15. Haldt deg til Ordet og lev i det, så vil ordet og Jesus leva i deg om dagane der du lever og ferdast.

For det andre, så lever Jesus i oss ved den Heilage Ande. For me har ikkje fått den ånd som høyrer verda til, men den ånd som er av Gud, så me skal læra å kjenna det som er oss gitt av Gud. Evangeliet — løyndomen i evangeliet — den har ikkje noko naturlegt menneskehjarta eller tanke sett, men for oss har Gud openberra det ved sin Ande. Slik talar Guds ord.

Av dei forstår me at om løyndomen i evangeliet — Jesus komen i kjøt og gått inn i din stad for Gud, som din stedfortredar — er openberra for ditt hjarta så du lever i Han, då lever også Den heilage Ande i deg.

Du vil også merka det på at Anden tuktar og dømer synda som lever i deg, ditt sjølvkjære og vonde sinn, dinne ureine tankar og lyster osv. Han let deg få sjå kven du er, og korleis du er i deg sjølv, du ser ditt naturlege andlet i Guds spegel. Det er så visst ikkje

noko lysteleg syn, og det blir årsak til anger og sorg over deg sjølv. På den andre siden så let Han deg også få sjå Jesus, som det Guds lam som tok bort di synd ved å gi sitt liv og blod for deg. Desse lo sider vil alltid finnast i det hjarta der Jesus bur. Synd og nåde, tukt og trøyst, dømd og frikjend, syrgjande men alltid glad, skjemd men frimodig osv.

For det tredje, så har du *Jesu Kristi sinn*, om han lever i deg. Men me har Kristi sinn seier 1. Kor. 2, 16. Lat det huglag vera i dykk, som og var i Kristus Jesus (Fil. 2, 5). Korleis er så Jesu sinnelag?

Jesus leid over synda og syrgde over synna, og det gjer kvar den som er fødd av Gud. Du lid over synda som bur i deg, også over ditt syndige sinnelag, og det er di daglege sorg at du ikkje er eller blir onnorleis eller betre enn du er. Du lid også som han over synda du ser ikring deg, og syrgjer over dei som lever i vantru og ikkje kjänner si gjes tingstid. Kor gjerne ville du ikkje ha samla dei, og fortalt dei om den frelsa du har funne, men så ville dei ikkje og så duger du så lite.

Jesus var mild og mjuk av hjarta, og åtte eit miskunnsamt og tilgivande sinn, det viser heile hans liv og overfor alle slag menneske. Slik er ikkje du av naturen, men bur Jesus hjå deg så eig du litt av same sinn som han også. Du må sjølv dagleg ha miskunn og næue hjå han, og det skapar litt av same sinn hjå deg. Lever du der? så lever han sjølv i deg.

Lat det huglag vera i dykk, som og var i Kristus Jesus, han som, då han var i Guds skapnad, ikkje heldt det for eit ran å vera Gud lik, men gav sjølv avkall på det og tok *ein tenars skapnad på seg*, med di han kom i likning med menneske og då han i åtferd vart funnen som eit menneske, nedra han seg sjølv — (Fil. 2, 5—9). Jesus opphøya ikkje seg sjølv, men var villig til å lata seg fornedra like til forbrytardøden på krossen,

## Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund  
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord  
Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljuge gaver

*Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :*

Formann : Olav A. Dahl,  
boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69

Kass. Sverre Bohn, Norheimsund  
postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank,  
Norheimsund 3530.07.09492

S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

den store som tenar, og den største er trell for dei andre.

Jesus kom til synda si jord, for å tena oss. Han møtte vantru, hån og spott, han blei rekna for inkje og var ein mann som folk heldt seg undan, men likevel tente han oss ved å ta vår synd og skuld og dom på seg, han gjekk i døden for evangeliet — for å kunna gi oss evangeliet. Me ser at noko av det same sinn var i læresveinane hans. Då han kalla dei, sto dei opp og forlet far sin og levevegen sin og fylgde Jesus. Dei tente si ei-ga ætt og ættled, som levde då, og dei tener oss som lever idag, med det evangelium som Jesus vann oss ved sitt liv og blod. Her er også plass for deg, for hausten er stor, arbeidarane er få og tida er kort.

Jula er heller ikkje gitt oss for å nyta, eller for å la oss tena, men for å tena og gi. Då er det ikkje nok med forgjengelege gaver, frå denne verda sitt «forfengelighetens mark-ed», men me skal få tena slekra med Kristi vitnemål og ved å gi dei evangeliet. Det er nok også i vår tid ein dårskap for alle «vise og forstandige menneske», og ein stoyt for alle egenrettferdige, men ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur det.

A. L.

## Salige er de som alltid frykter

(Ordt. 28, 14)

Her kan det se ut som om Bibelen motsier seg selv. For slår vi opp bibelordboken, da vil vi se at mange steder står det *frykt ikke* og at den taler om frykt av mange slag.

Derfor vil jeg prøve å skrive litt om hva vi skal frykte, og hva vi ikke skal frykte. Er du et verdens barn, da vil du frykte for døden, for at Jesus skal komme tilbake og for et personlig møte med Gud. I Hebr. 12, 21 ser

vi at da Moses møtte Gud ble han forferdet og skalv. Slik blir det for alle mennesker som møter Gud som et naturlig menneske.

Men kommer vi i samfunn med Gud ved troen på Jesus, da blir vi Guds venn — og en venn frykter vi ikke. Nå blir vi grepst av en annen frykt, som var ukjent før, *frykten for oss selv*. Redd jeg er for verden, rødd jeg er for meg, synger en troende sanger. Som

troende blir vi klar over at vi er omringet av fiender på alle sider. Djævelen, verden og vårt eget kjøt. De to første kan overvinnes utenfor leiren, men vårt eige kjøt følger oss inn i leiren som skyggen. Dette gjør et vi blir redd oss selv, redd for selvbedrag og den hemmelige død. Denne frykt finner vi hos David. Prøv meg, Herre, og gransk meg, ransak mine nyrer og mitt hjerte (Salme 26, 2) Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjerte, prøv meg, og kjenn mine mangehånde tanker (Sal. 139, 23). Den som har denne frykt har Guds ånd, da denne frykt er av Gud og driver inn til Gud.

Der selvransakelsen slutter, der begynner den døde tro, sier Hallesby. Det blir jo talt om en død tro, og hvorledes jeg kan være sikker på om det er en levende eller død tro jeg har. Det forkynnes jo også at det er troen på Jesus som frelsed. Men det blir mindre klargjort hva for en tro på Jesus som frelses. Den største del av vårt folk tror jo på Jesus. De tror at han ble født i Betleheim, at han levde og gikk ikring og gjorde vel, gjorde store undere, ble korsfestet, døde og sto opp igjen den tredje dagen. Om denne tro var en frelsende tro, da ville mange bli frelst. - Denne tro kan vi kalle en forstandens tro, og den frelses ikke et menneske.

Men finnes en tro som kalles *hjertets tro*, den er en frelsende tro. (Rom. 10, 10). Den oppstår i en syndig jammers følelse, sier en av våre forfædre. Når Hellig-Ånden har fått vist et menneske hvor syndigt og helt igjennem fordervet det er, da vil også Ånden vise hva Jesus virkelig kom til jorda for. Når sjelen får se Jesus som sin stedfortreder for Gud, da stiger troen og gleden opp i hjertet.

Du som leser dette, er det din erfaring? Da har du en levende og frelsende tro, og da sier Bibelen: *Frykt ikke!*

Men har du bare forstandens tro, da bør du i sanning frykte! For Gud er en rettferdig og hellig og nidkjær Gud, som ikke ser

mellan fingrene med synden. Bibelen sier at det er forferdelig å falle i hendene på den hellige og rettferdige Gud. Du bør lese Hebr. 10, 28—31 og Hebr. 12, 24—29.

Den sanne tro kjennes på at den frykter for å bli bort fra en levende tro på Jesus og ende i en forstandens tro. Den døde tro kjenner ikke til denne frykt.

Den døde tro kan være sterk, det ser vi av 1. Kor. 13, 2. Der tales om en tro som kan flytte fjell, og gi til de fattige alt det en eier, og sitt legeme til å brennes. Likevel er denne tro død og gagner oss intet, for den mangler kjærlighet. Menighetsforstanderen i Efesus gled inn i denne døde tro. (Oppb. 2) Han hadde tro for å arbeide i menigheten, og led for Jesu namn skyld, uten å bli trett, men han manglet det viktigste i sin tro — kjærligheten.

Matte vi så alle få leve i en levende tro på Jesus, som alltid frykter den døde tro og leve i en stadig ransakelse av om vår tro er død eller levende.

Ole Rolfsnes.

---

## **Før jeg ble ydmyket for jeg vill**

(Salme 119, 67)

Vår eneste støtte i liv og død er alene nåden i Lammets blod. Forat vi skal gripe den alene, pleier den kjære Gud sørge for at minnet om våre synder alltid blir oppfrisket, så vi aldri taper vår egen usselhet av syn. Menner vi å ha mot, da sender Gud straks uvær over oss, så vi må erkjenne at vi er bare siv og rør i vinden. Godter vi oss over vår tro, da blir straks en prøvesten eller snublesten lagt foran oss, så vi kommer til overbevisning om at vi bare drømte om stor troeskraft. Svelger vi ned en fylde av andektige følelser, så blir vårt hjerte snart så

# Korleis kan eg vita at eg er fødd på nytt?

(Johs. 3, 3—10.) Av Amund Lid

Fødselen er porten inn til livet. Det gjeld både menneskelivet og livet i Gud. Denne sanninga slår Jesus fast i ordet til Nikodemus, som er vist til ovanfor. Ingen kan sjå Guds rike utan at han blir fødd på nytt, og ingen kan koma inn i Guds rike utan å bli fødd av Anden.

Jesus seier at årsaka til det er at det som er født av kjøtet, det er kjøt. Og Skrifta viser at alt kjøt hører berre denne verda til, og kan ikkje forstå eller ta imot det som hører Anden til. Dei som er i kjøtet kan ikkje tekjast Gud, og såleis ikkje erva eller koma inn i Guds rike.

Men det som er født av Anden, det er Ånd. Jesus seier at dei er ikkje av denne verda, men hører Guds rike til. For dei har Anden openberra det som ikkje kom opp i noko menneske hjarta eller tanke, det som Gud har etla dei som elskar Jesus. Guds rike er ikkje av denne verda, for det er eit åndsrike, usynleg som sjel og sinn for eit naturlegt

tørt som sandpapir, og vi må erkjenne at Gud bare skjenker sin nåde *for intet* — uforkyldt. Innbillar vi oss å ha seiret over all frykt og vil vise folk hvordan en kristen skal do og gå inn i evigheten, da lar han oss straks få se dødens skrekkbillede og ve i det fjerne.

Virkeligheten gjør med ett slag vårt hæltemot til skamme. Drømmer vi om å gjøre høye trin på helligjørelsens vei, da blåser straks en fristelsens vind over oss så all vår ros tar ende. Som et hvert annet kjært Guds barn har vi intet annet tilbake enn et sukk: *Gud vær meg synder nådig!*

Dr. F. W. Krummacher.

menneske, men kjent og elska av kvar den som er født av Anden.

Av dette ser me at berre den som er født av Anden — fødd på nytt — er frelst og høyrer Guds rike til. Dette ordet var eit av dei orda Gud brukte til å vekkja meg opp frå syndesvevnen, så eg tok til å søkja Gud og blei frelst. Er du som les dette fødd pånylt?

## Korleis kan me vita at eit menneske er fødd på nytt ?

Det kan me vita av at der er og kjem til syn liv, eit nytt liv som ikkje var der før — eit åndsliv. Livet kan me kjenna på mange ting. Når ei tbarn er født til verda, så veit du at det lever når det skrik, pustar, tek mat til seg. Sidan viser livet seg ved at du legg merke til at det ser, hører, forstår talar, undrar seg og spør osv. På same vis ovrar åndslivet seg hjå den som er født av Anden.

Då er der født ei ny tru, som ikkje var der før. Denne trua er ikkje den naturlege medfodde trua, men ei tru ovanfrå, gitt av Gud. Den viser seg ved ei ny *innsikt* i frelsen i Kristus. Innsigt i evangeliet om Jesus, det Guds lam som døydde for dine synder og sto opp til di rettferd for Gud. Dette er ikkje forstanden sin innsikt, men hjertets innsikt i evangeliet.

Det andre er trua si *tilslutning* til Jesus og det verk han har gjort for deg. Trua stig ut på og gir seg inn under det du ser og trur i ordet — evangeliet. For det tredje er trua hjarta si *tillit* til Jesus og hans verk for deg, til Ordet som forkynner deg denne frelse. Er du gjenfødd til ei levande tru, så finn hjarta ditt kvile i evangeliet — sjølv om di eiga fornuft og andre vantru menneske protestar. Då trur du og er overtyd om at din gjenloysar Jesus lever.

**Eit nyt syn.**

Den som er fødd på nyt har fått nye auger à sjå med. Du ser noko som du ikkje såg før, og det på fleire område. Nyt syn på deg sjølv. Før trudde du at du var eit ganske bra menneske, i alle fall ikkje verre enn andre. Då du blei vakt såg du at du var ikkje slik du skulle, der var synder og missgjerd, men ikke verre enn at du kunne bli eit betre menneske om du omvende deg og ville leva for Gud — i alle fall ved Guds hjelp. Men det gjenfødde auga ser at i deg — det vil seja i ditt kjøt — bur det ikkje noko godt. Synder og tvil er heile di æra, du er skyldig og uverdig på alle område, endå ved det beste du har klebar det synd. Og det störste er at du har fått nyt syn på Jesus. Du ser at Jesus har frelst deg, då han gav sitt liv og blod for deg på krossen. Du ser at det er ufortent, av nåde. Guds gáva, ikkje av gjerningar, så ingen skal rosa seg. Dertil så har du fått nyt syn på Skriften. Før såg du alle krav, det ordet venta av deg, men nå ser du det som er gjordt, det som er ferdig og fullført av Jesus i din stad. At det var så enkelt, det hadde eg aldri tenkt. Ditt hjardta ser loyndomen i evangeliet

Du har fått eit nyt øyra, som høyrer Guds personlege taie til deg gjennom ordet du les eller høyrer forkynnt. Ordet om synd skaper anger og sorg i ditt hjerte over synda og lengt etter å bli fri den. Det skaper skuldkjensla og dom i samvitet, men du høyrer deg fri og salig i evangeliet om Jesus. Du høyrer Andens røyst i samvitet, når han dømer deg og frikjerner deg, du blir tukta og trøysia, såra og lækt. For deg som er fødd på nyt er Guds ord eit levande ord, Guds eiga røst til deg. Guds ord er blitt mat for di sjel, som du må høyra for å leva, for å kunnatru deg frelst. For deg er det ikkje nok å vita det, du må sjå og høyra det på nyt og på nyt.

Den som er fødd av Anden, han forstår frelsens veg, kva som ligg i Guds ord. Du undrast på at du ikkje har sett og forstått

dette før. Du undrar deg over Gud, over Guds frelse, over at Jesus er glad i deg som er så vond og stygg, over at han ikkje har gitt deg opp men endå held ut med deg osv. Undringa over Gud er eit av gudslivet sine beste kjenneteikn.

Sjela sitt vitnemål om Jesus, og trongen etter at andre skal få sjå den herlege frelsar som du har funne og sett, den vil overbevisa deg om at det menneske er fødd då nyt. Men ein som er fødd på nyt, er som dei vesle barnet. Det ser og forstår mykje meir enn det ennå maktar å gi uttrykk for. Æi nyfødd sjel tenker og syng: Å om eg kunne min Jesus prisæ, som eg av hjarta så gierne vil !

**Korleis blir me fødd på nyt?**

Av Jesu ord til Nikodemus ser me at det er den Heilage Ande som fører eit menneske inn i Guds rike. *De lyst fødast av Anden.* Og midlet Anden brukar er Guds ord. De som er atterfødde, ikkje av forgjengeleg sæde, men uforgjengeleg sæde, ved *Guds ord*, som lever og varer (1. Pet. 1, 23 - fg.)

Anden dodar vårt gamle menneske og trua på oss sjølv, og han fører til nyt liv i trua på Jesus. Jesus — eller ordet og evangeliet om han — er trua sitt opphav. (Hebr. 12, 1 - fg.) Ved å sjå hen til Jesus, som liksom ormen i oydemarka, blei løfta opp på krossen for å sona di synd ved sitt blod og lida di straff, dom og død, blir ei menneskesjel fødd på nyt, sa Jesus til Nikodemus.

Så vil du bli freist og fødd på nyt, så les ordet og hør ordet om Jesus, lovens ord og troens ord. Lat Guds ord bu rikeleg iblant dykk !

**Korleis kan eg vita om eg er fødd på nyt?**

Mange prøver å bli viss om at dei er fødd på nyt ved å granska seg sjølv. Dei granskar si tru, sine opplevingar og erfaringar, sitt kjensleliv, og livet dei lever som kristne

her i verda, for å sjå om det er rett ut frå det bilet du har ut frå Guds ord om korleis ein kristen skal vera og leva.

Finn du at du held mål, og på det grunnlag kan tru at du er ein rett kristen, då er du langt borte frå Gud, og har enda i eigenrettferd. Men er du ei sjel som lever i ordet og eig Andens lys over ditt liv, då vil du koma til kort på alle område. Det blir dine tvil og di vantru, dine mange nederlag, og kjønsla av kulde, likesela og mangel på alvor — med andre ord di medfødde syndige natur — kjøtet som Bibelen uttrykkjer det — du helst legg merke til og foler på. Og i tider då du helst ser på dette, synest du at der finst ikkje liv og guds frykt å sjå. Når det gjeld andre kan du bli overbevist om at dei er frelst og gjenfødt, ved å sjå Gudslivet dei lever og høyra vitnemålet dei lever i og vitnar for andre. Men når det gjeld oss personleg, då vil me lett la icil av den grunn at kjøtet er lettast å leggja merke til. Og for det andre skal me tru på og setja lit til det me ser sjå oss sjølv, så kjem me i skade for å leggja ein annan grunn for vår tru enn Gud har sagt. Kristeliivet er ingen frelsesgrunn, det er Jesus åleine og det liv han levde i vår stad.

Det er berre på ein måte eg kan vita og bli viss om at eg er fødd på nytt. Guds ånd vitnar med mi ånd at eg er eit Guds barn (Rom. 8:3).

Ved Guds eige ord og vitnemål, som overbevisar meg om at Jesus døydde for mine synder og sto opp til mi rettferd. I ordet sei eg at eg er frelst, av nåde, utan gjerningar. (Efes. kap. 2). Å bli gjennfødd, det er i grunnen ikkje noko anna enn å få sjå at du er frelst, og at *Gud har gitt deg nytt liv i Jesus*. (1. Johs. 5, 11). (Kolles. 3, 1- fg.)

Har du sett og funne utlösinga i Jesus Kristus, då er du gjenfødd — fødd avanden. (Rom. 3, 21-28). Alle dei som trur at Jesus er Kristus, det vil seia den som kom for å frelsa verda (meg), dei er fødd av Gud. (1. Johs. 5, 1-5). Likeeins den som elskar Jesus, evangeliet og den som er fødd av han. De kjære, lat oss elskva kvarandre, for kjærleiken er av Gud, og kvar den som elskar, er fødd av Gud. (1. Johs. 4, 7).

Johs. vitnar: Men me veit at me er gått over frå døden til livet, for me elskar brørne. Den som ikkje elskar blir i døden (1. Johs. 3, 14).

## PERSONLEG SJELESORG

Av Vincent Færevåg

Me tek nå til med den andre timen av dette emne, sjelesorg, og då vil me først lesa litt frå Guds ord.

«Då kjem det ei kvinne frå Samaria og vil dra opp vatn, og Jesus seier til henne: Lat meg få drikka! For lærerveinane hans hadde gjenge inn til byen og skulde kjøpa mat. Korleis hev det seg, segjer den samaritanske kvinnan at du som er jøde, bed meg, ei samaritansk kvinne, om drikka? — for jødane nev ikkje noko samlag med samaritanane. Jesu-

svara: Dersom du kjende Guds gåva, og visste kven han er, han som bed deg om drikka, so bad du han, og han gav deg levande vatn.

Herre, segjer kvinne, du hev ingen ting å draga opp med, og brunnen er djup! Kvar hev du då det levande vatnet frå? Er du større enn Jakob, ættefaren vår, som hev gjeve oss brunnen? han hev sjølv drukke av han, og sönene og feet hans med.

Jesus svara: Kvar den som drikk av dette

*vatnet, vert tyrst att, men den som drikk av det vatnet eg vil gjeva han, vert aldri tyrst meir. For det vatnet eg gjev han, vert i han til ei kjelda med vatn som vell opp til æveleg liv.*

*Herre, sa kvinne, gjev meg det vatnet, so eg ikkje vert tyrst meir og ikkje treng å koma att hit og draga opp vatn!*

*Han segjer til henne: Gå og henta mannen din, og kom so hit att! Eg hev ingen mann, svara kvinna. Det er rett som du segjer, at du ikkje hev nokon mann, sa Jesus, for du hev havt fem menn, og den du hev no, er ikkje din mann. No sa du sant.*

*Herre eg ser at du er ein profet! sa kvinna. Fedrane våre tilbad Gud på dette fjellet, og de segjer at det er i Jerusalem ein skal tilbeda han.*

*Jesus segjer til henne: Tru meg, kvinna! det kjem ei tid då de ikkje skal tilbeda Faderen på dette fjellet og ikkje i Jerusalem heller. De tilbed det de ikkje kjenner, me tilbed det me kjenner, for frelsa kjem frå Jodane. Men det kjem ei tid, og ho hev alt kome, då dei rette tilbedarane skal tilbeda Faderen i ånd og sanning, for slike tilbedarar er det Faderen vil hava. Gud er ånd, og dei som tilbed han, lyt tilbeda i ånd og sanning.*

*Kvinna segjer til han: Eg veit at Messias kjem — Messias er det same som Kristus, — når han kjem, skal han læra oss alt.*

*Jesus segjer til henne: Det er eg — eg som talar med deg!»*

— Her møter me Jesus i sjælesorg.

I den første timen prøvde eg å tala litt om sjælesorg, kva den er og kva den fører til. I denne timen tenkte eg å tala litt om personleg sjælesorg.

For å opna veg inn til dette emne, vil eg bruka eit biletet eg har bore med meg frå landsutstillinga i Bergen i 1928. Der hadde dei ein fornøyelsespark, og mellom dei mange rare ting var der også ein labyrinth. Og de veit vel kva det er? Det er eit rom, med mange dørar og gangar og speglar. Der inne

gjekk me oss vill. Mange gjekk der og leita og sökte utan å vita vegen ut. Men der var nokon som visste vegen, og dei kom til slutt og viste oss vegen ut or labyrinthen.

Når me talar om sjælesorg, så tenker me på at menneske som har forvilla seg i denne verda sin labyrinth kan få hjelp til å finna ut i fridomen. Det er menneska sin tunge lagnad at me er fødde inn i ein labyrinth. Di lenger eg tenker på det di meir forskrekka blir eg over alle lærevanskar, tanke-vanskar, kjenslevanskar og alle andre vanskar som menneske møter, ikkje minst når det gjeld dette å finna fram til fred med Gud og kunna leva livet saman med han. Og det er ikkje for sterkt sagt at i desse store vanskane vil menneska gå seg evig fortapt, om ingen tek seg av dei og hjelper dei ut. I Rom. 10 står det: For kvar den som kalla på Herrens namn, skal verta frelst. Korleis kan dei kalla på ein som dei ikkje trur på? og korleis kan dei tru der dei ikkje har hørt? og korleis kan dei høyra utan at der er ein som forkynner? og korleis kan dei forkynna utan at dei vert utsende.»?

Og snur me dette ordet opp ned, så ser me at det er ingen som kan kalla på Herrens namn og bli frelst, utan at nokon først blir kalla av Gud og så av ei menighet og sendt ut med bodskapen.

Derved ser me også sjælesyrgjaren si oppgåva. At det er kvar den som har fått det kall å forkynna eller leida villfarne sjeler på vegen til livet.

Men sjælesyrgjaren og hans store oppgåve, den må me dela i to. Først dei som har fått forkynnargåva og over sjælesorg frå ein talarstol. Det er ei mykje viktig oppgåve, og æva skal visa at det var skarar som sat på kyrkje- og bedehusbenkene og såg inn i fridomen si fullkomne lov, fordi det var ein sjælesyrgjar som sto på talarstolen og viste dei vegen så dei såg seg frelst. Men også dei som forkynner for den einskilde i personleg samtale er sjælesyrgjarar. Det er denne personlege

sjelesorga eg vil stansa litt for idag.

Før eg går vidare vil eg streka under at det er ingen vesensforskjel mellom dess eto. — Men eg undrar meg på om dei ikkje spring ut frå to ulike nådegåver som fører til same målet? Eg vil også få streka under at den siste gåva gjeld ikkje berre forkynnarar, for eg har møtt mange som hadde fått denne evna til å tala med folk på tomannshand, til å sjå kvar dei sat fast og så visa dei vegen ut. Mange slike har vore meg til hjelp i mine vanskars.

### Sjelesyrgjaren sjølv.

Det kan synast u-naudsynleg å nemna han, men eg må strika under at ingen kan vera ein rett sjelesyrgjar utan at han er fødd på ny. Ordet i Johs. 3 har stansa meg mange gonger, der Jesus seier til Nikodemus at ingen kan sjå Guds rike utan han er fødd på ny. Alle dei som tek til å arbeida med åndelege spørsmål utan å vera fødd på ny, dei tek alle feil — og æva vil nok visa at dei var mange. Ingen kan vera los i eit rike dei aldi har sett, og ingen kan vera sjelesyrgjar som ikkje har sett seg frelst i Jesu fullbrakte verk — det vil seja ein rett sjelesyrgjar. I Matt. 15, 14 talar Jesus om farisearane såleis: Bry dykk ikkje om dei, dei er blinde, og når ein blind leier ein blind, så dett dei båe i grøfta. Der ser du den falske sjelesorg. Sjå på to blinde som leier kvarandre bortover vegen, dei er båe like hjelpelause. Eg tenker med gru på kva me kan finna på i sjelesorg, dersom me ikkje har fått opplatne auge til å sjå med. Guds ord talar sterkt om at det skal koma falske vegleiarar, og dei skal føra mange vill. Me kan vera heilt viss om at er me uklar i vår eiga frelsesak så vil me og vera uklar i vår sjelesorg.

Men på den andre siden så har eg sett mange levande kristne som er heilt hjelpelause når nokon spør dei om råd i si frelsesak. Det er ikkje tvil om at dei sjølv er frelst og lever nadelivet med Gud, men når andre kjem til

dei og bed om råd i denne sak, då står dei der hjelpelause. Eg kan ikkje svara så mykje på dette, men eg undrar meg på om ikkje svaret ligg i det at ikkje alle har fått den gåva, i alle fall ikke i like sterk grad.

Dette gjer mange kristne missmodige. Eg har mott mange som går der og brønn forat deira og andre skulle bli frelst, men som lid under det at dei kan ikkje hjelpe dei — eg har ikkje fått den gåva, seier dei. Kanskje du er her? Eg kjenner også til dette. Her har fleire Guds ord tala til meg, og dei dreg på meg framleis. I 1. Kor. 14 står der: «Trå etter kjærlekien, streva etter dei åndelege gåvene». Der synest eg ordet gir løfte om at det er noko me kan få. Der står også i 1. Kor. 12: «Streva etter dei største nådegåvene».

Eg undrast på om me ikkje ofte seier at me ikkje har den gåva, utan å strekkja oss etter dei største nådegåvene. Gud kan gi meir, og han kan gi nye nådegåver, for Gud er rik og Gud kan. Eg er viss om at her er ei opa dør inn til eit rikare liv og større gåver, også på dette området me nå talar om.

Det andre som gjer at me kjenner oss hjelpelause, det er at me ikkje har fått lys over kva det er som kan hjelpe ei sjel ut i fridomen. Gløym ikkje korleis du sjølv kom ut or labyrinten! Du veit at du er frelst, men ikkje korleis, og du kan ikkje hjelpe andre. Eg gløymer ikkje ei kvinne som sto oop og vitna på ein sumarskule. Ho vitna om at ho hadde fått tru seg frelst ved Jesu blod åleine, og det var ingen tvil om at ho hadde fått lovsongen tent i hjarta. Men så sa ho at eg vil seja dykk at de må ikkje han noko med lova å gjera, for eg har slite meg ut under lova, og det var berre slit, forbanning og død. De må berre venda dykk til Jesus og sjå på han.

Kva var det ho sa? Jau, ho sa at nå har eg slite meg ut under lova og kome inn i fridomen ved trua på Jesus, *men den vegen må de ikkje gå*. Her ser du korleis satan måtte

sleppa henne inn i fridomen, men han fekk stengja vegen slik at ingen skulle fylgja same vegen inn i frelse og fridom. Her trur eg at eg rører ved noko vesentleg i dag.

Det me som kristne og sjelesyrgjarar må leggja særleg vekt på er å læra kva som fører sjelene frå døden til livet, det er målet me alltid må ha for auga. Eg synest me talar mykje om kristendom, og at der blir forkynnt mykje om kristendom, men vegen til livet blir lite forkynnt, både frå talarstol og på tomannshand. Det er eit par ord som har tala til meg personleg her: Det står skrive hjå profetane, og alle skal dei verta opplærde av Gud. Kvar som har lydt på Faderen, og lært, kjem til meg (Johs. 6). Og livet vart openberra, og me har sett det og vitnar og forkynner dykk livet, det ævelege, som var hjå Faderen og vart openberra for oss (Johs. 1).

*Livet vart openberra, me har sett det, og me vitnar og forkynner dykk livet.* Her går vegen for sjelesyrgjaren.

Kva er det så sjelesyrgjaren må vera lærd av Gud til å sjå? Det er to ting. Og eg er viss om at kan du og eg vera klår her, så skal me bli til hjelp for dei menneske me ferdast iblandt — og Gud hjelpe oss til å vera klår her. Gud må for det første få læra oss grundig, like inn i innerste hjarta og overtyding, at dei me søker å hjelpa er syndebundne og er i alle ting under Guds dom både de ibeste og verste av dei. Det står i Galt. 3, 22 at Skrifta, og dermed Gud, har stengt alt inn under synd. Det vil seia at alt mitt, og alt ditt, og alle dei som er i sjelesorg er stengt inn under synd, og at alt det me kan gjera er under Guds dom. Her synest eg mange er ukläre idag, og eg er heilt viss om at tuklar me med dette vil mange bli førd vill.

Det andre me må vera lærd av Gud til å

sjå, det er at den frelse me må eiga for å stå for Gud er *hundre prosent ferdig i ein stedfortredars verk.* Dernest at den er *hundre prosent gratis for den som manglar alt.* I Galat. 3 les me vidare at Skrifta har stengt alt inn under synd, så det som var lova skulle ved tru på Jesus vert gitt dei som trur. Du, for eit salig ord for mitt hjarta.

Står desse to ting klårt for oss, då er eg viss om at du og eg er ein sjelesyrgjar, der me lever vårt liv og i vår omgangskrins. Me kan ikkje vera noko anna, eit lys eller eit fyrtårn i ei mørk verd.

(Meir).

### JULEHELSING frå Andreas Bø

Etter at bladet er gått i trykken, er det komme ei jule-helsing frå Andreas Bø, som det slik desverre ikkje blir plass til. Han helsar alle kjære forbedarar, særleg dei som han budde hos då han hadde møte heime i Noreg, på denne måten, då han ikkje vinn å skriva til alle direkte.

Han helsar med ordet frå 2. Kor. 9, 8: «Og Gud er mektig til å gi dykk *all* nåde i *rikt mål*, so de i alle ting *alltid* kan ha *all* nøgd og vera *rike til all god gjerning.*»

Han ber då deg å setja ditt namn inn i dette verset der det står «dykk» og «de».

Han siterer så ein setning etter avdøde borgarbeiter Solem, som han hugsar: «Det er godt å bøya kne for Gud og på *nytt gi seg heilt i Hans hender.*»

Han fortel vidare om korleis han i det reint «materielle» har drive med ymse oppussings- og målararbeid, stelt til blomsterbed og ymse som gjeld fasaden. Han har også sett Guds hjelpende og rettleiande hand i dette.

I eit anna brev fortel han at fornying av visum frå styresmaktene si side er meint for periodar på 4 år, men at visumet i praksis må fornyast med eitt år om gongen. Så no har han høve å stå 8 år.

O. A. D.

## Eit personleg vitnemål

### Takk Jesus !

Tone : Da Jesus satte sjelen fri  
 Takk Jesus for ditt soningsverk.  
 Takk at eg no i deg er frelst.  
 Takk for din seir på Golgata.  
 Takk Jesus for du er så god !

Kor : Halleluja eg syng det ut :  
 Min Jesus er min frelsesgrunn.  
 Hans blod for synda mi det rann,  
 og all min fred eg har i Han.

*Eg er ein tøf syndar her,  
 Men Jesus kom for slike ned.  
 Han elskar inn i døden han,  
 og evig seier for meg vann.*

*Å Jesus om eg her på jord  
 deg prisa kan i gjerning, ord !  
 Men alt mitt verk så ringe er,  
 det berre til fordøming er.*

*Eg syng det ut for liten stor,  
 om det eg fekk i dine sår.  
 Der løyner du mi synd og skam.  
 Eg i di soning kvila fann.*

ELNA AUGESTAD

## Fråfall

«Når den ureine åndi fer ut av eit menneske, flakkar ho yver vasslause vidder og leitar etter ein kvilestad, men finn ingen. So seier ho : Eg vil fara attende til huset mitt, som eg flyttar utor. Og når ho kjem der, finn ho det tomt og feia og fjelga. Då fer ho av stad og tek med seg sju andre ånder som er argare enn ho sjølv, og dei gjeng inn og vert buande der, og hev det vore ille med det menneske fyrr, so vert det endå verre sidan. Soleis

kjem det og til å ganga med denne vonde åetti.» (Matt. 12, 43-45).

Dette ordet er eit mykje tungt og alvorleg ord frå Gud. Det talar om sjela sitt fråfall frå Gud, og korleis den gir rom for vonde åndsmakter.

### Fråfall - kva ligg det i det ordet?

Her gjeld det ikkje den store flokk, som veit med seg sjølv at dei lever borte frå Gud. Nei, her gjeld det eit hjarta som er født på nytt, og som veit kva det er å leva med Gud. Den som ikkje lever med Gud, kan ikkje falla frå Gud. Menneske var feia og fjelga. Den Heilage Ande hadde fått gjort huset reint. Både hjarta og tunga prisa lammets vunder og sår.

Men så fortel ordet her at det har hendt noko, som førde til fråfall, for når den vonde ånd kom attende fann ho huset tomt. Skrifta viser at årsakene til eit fråfall kan vera ulike og mange, men resultatet blir det same. Der Jesus og Anden lyt ut så hjarta blir tomt, der vil dei vonde åndsmakter ta bolig på nytt, og med det menneske blir det verre enn før dei møtte Jesus. Her kan me nemna menn frå Bibelen som Saul og Judas. Israels folk som ville ha kjøt og smakfulle rettar i staden for mannaen frå himmelen. Eller fleire av dei kristne menigheter, som sette si lit til og helt fast ved det som skjedde ved dei, sine kristne gjerningar og namn, sin åndelege rikdom og sitt menighetsliv og teneste, i staden for Jesus og evangeliet om han. Andre ville ha noko ved sida av Jesus, og misste alt. Dette er fråfall ! Og det ser ut for at den som kjem inn i fråfallet, er det vanskeleg — for ikkje å seia umogeleg for Gud å redda.

Som nemnt kan årsaka ha fleire grunnar, men eit er visst : Ingen går inn i fråfallet utan at Gud ved Anden, Ordet, eller ein eller annan av sine ringe tenrar, har åtvært mange gonger og på mange måtar. Skal tru om det ikkje brann under Judas sine føter då Jesus sa : Ein av dykk som set til bords med meg

blod til grunn for si tru og frelse, då er det evig forseint.

Slik skal det gå denne vonde ætta, sa Jesus. Sju vonde ånder hadde gått inn i huset, endå det trudde nok at alt var i orden. Skriften visar at dei visste det ikkje.

### Korleis kan me bli bevart i eit rett forhold til Jesus?

Her er det berre Guds ord som kan hjelpe oss. Ordet om han som avvepna maktene og yverrådene og synte dei openberleg fram, då han viste seg som sigerherre over dei på krossen. Han som strakk ut skuldbrevet mot oss, som var skrive med bodord, det som vitna imot oss, og han ruppe det unna med di han nagla det til krossen (Koll. 2, 14-15). Der hjarta blir fylt med Guds ord og kjærleik til dette ord, både det ordet som sårar, domer og døder og det som gjev liv, vil det bevare det gjenfødde og reine hjarta frå fall og fråfall. Og Guds fred — det er Jesus og den fred og forlik han har gjort for oss hjå Gud — er mektig til å bevare både våre hjarto og tankar hjå den Herre Jesus. Dette går over all forstand, seier Guds ord.

Der dette får bu og rå i hjarta må det vonde ut — det blir drive ut. Tenk berre på Peter som blei angripen og kor den vonde og ureine ånd fekk rom til fall, men den måtte vika plassen igjen då Peter vende seg til Jesus — syndarvenen. «Hold eder alttid nær til Jesu sår og vunder, da ligger satan under, med hele mørkets her!»

Gud gi oss alle nåde til å bli bevarte i năden, hjå Kristus Jesus.

Odd Dyroy

---

### LOV OG EVANGELIUM

Frå nyttår er det tanken at biladet skal komma ut kvar måned, med unnatak av feriemånedene juni og juli. Dette bed me forkynnarene og andre som skriv i bladet å merka seg, for det trengs meir stoff til bladet. Styret og red. takkar alle som ved sin gaver har vore med å halda bladet oppe økonomisk, og ynskjer alle lesarar og vener ei av Gud velsigna jolehøgtid.

skal svika meg. Har eg ikkje sjølv valt dykk ut alle tolv, og ein av dykk er ein djevel. Men hjarta hans var tomt for tukt, og han ville ikkje gi Jesus og orda hans rett. Han meinte seg å vera som dei andre, og sa som del andre: Herre, det er då vel ikkje eg? Judas hadde nok høyrt Jesus sa til Jakob og Johannes, då dei var så nidkjære for at folket måtte ta imot Jesus, de veit ikkje kva ånd de er av. Det fall truleg lett for Judas å tenkja at dei var ikkje betre, og såleis lata ordet og tukta gå til andre istaden for til seg sjølv.

Han høyrdet vel og Jesus seia til Peter: Før hanen gjel i natt, har du tre gonger nekta at du kjenner meg. Så det fall nok lett for Judas å ortsaka seg med at dei var nā ikkje så fullkomne dei andre heller, som den fråfalne ofte gjer også i vår tid.

Huset var tomt for tru og tillit til Ordet sitt tveiggja sverd. Det var tomt for kjærleik til sanninga, og kjærleiken til pengane var større enn kjærleiken til Jesus. Kjærleiken til verda og dei ting som var i verda, og dei ting som var i verda, var nok større enn kjærleiken til Guds barn på jorda. Derfor så knurra dei sjølvskire når nokon sat ved Jesu føter, og den dyre salven blei ofra på Jesus.

I fråfallet er det øyra som ein gong var ope for formaning, og det hjarta som tok imot tukt, stengt og uimottakeleg for Andens tale og Guds ords tukt. Der samfunnet med Gud på denne måten er brote, der fører det til fråfall og åndeleg død. Det var nok ingen av dei før nemnde som ienkte det skulie gå slik, men Ordet viser det.

Må me alle ta dette ordet til hjarta, for ein dag kjem det fram i dagen kva ånd som bur i hjarto våre — kva ånd som lever og rår i huset. Viser det seg då at der bur ei ånd, som ikkje trur på Jesus og har hans offer og